

# Reguleringsplan for Jendemshagen - vurdering av verknadar på biologisk mangfald

## Samandrag/konklusjon

I samband med eit privat forslag til reguleringsplan for Jendemshagen II har Norconsult vurdert moglege verknadar på det biologiske mangfaldet. Befaring i området vart gjennomført av økolog Torbjørn Kornstad den 18. august 2016. Under befaringsvart det kartlagt to naturtypelokalitetar av viktig verdi (B), begge to gamal boreal lauvskog med gode forekomstar av epifyttisk lavflora og gamalskogselement. Slik forslaget til reguleringsplan ligg føre vil det gi store negative påverknadar på lokaliteten Gjerdegrova og noko negativ påverknad på lokaliteten Nedre Svenskeløken. Det foreslås derfor at nokre av tomtene takast ut av planforslaget slik at ein unngår slike påverknadar på det biologiske mangfaldet.

J01	2016-08-26	Endeleg versjon til kunde	ToKor	EiTho	SvRei
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## 1 Skildring av tiltaket

Arne Gjendem og Angvik Prosjektering AS har utarbeidd privat forslag til reguleringsplan for området Jendemshagen II. Forslaget innebêr mellom anna attfylling av to bekkedalar, og i samband med dette har Fylkesmannen i Møre og Romsdal stilt krav om kartlegging av biologisk mangfald i området. Norconsult ved økolog Torbjørn Kornstad har gjennomført ei slik kartlegging, og resultata presenterast i denne rapporten. Det vart gjennomført synfaring i området den 18. august 2016, innanfor vekstsesongen med gode høve for naudsynete registreringar. Avgrensing og verdsetting av naturtyper følgjer metodikken i forslaget til nye faktaark for naturtyper (<https://www.dropbox.com/sh/gi0u9i9c6s78kqs/AAA1NJb3Hb19cttugB6vTID6a>).

## 2 Eksisterande informasjon

I henhald til Naturbase (<http://kart.naturbase.no>) er det ikkje registrert nokre naturtypelokalitetar i det berørte området. Av raudlista vegetasjon i Artskart (<http://artskart.artsdatabanken.no>) ligg det kun føre eit gamalt, unøyaktig funn av kvitkurle (raudlista som nær truga, NT), og dette er neppe frå området som røyrast av reguleringsplanen.

## 3 Resultat frå synfaring

Synfaringa avdekkar at det bør avgrensast to nye naturtypelokalitetar i området, begge to gamle boreale lauvskog av viktig verdi (B). Desse presenterast nærare under, og er vist på kart i Figur 5. Ut over dette består området av en mosaikk av dyrka mark, skog som nyleg er hogd og fattig furuskog utan særskilt verdi (sistnemnte er vurdert opp mot naturtypen kystfuruskog, men utgjør for lite areal til å nå opp).

### 3.1 Gjerdegrova

Lokaliteten er om lag 14 dekar stor og utgjørast av ein bekkedal med gamle boreale lauvskog bestående av bjørk, rogn, selje, gråor og hegg. Utforminga blir dermed gamle lauvblandingsskog. Det er òg ein del gamle furuer i området. Feltsjiktet er ikkje spesielt artsrikt, men det viser at området har vore brukt til beite. Arter som vart funne inkluderer mellom anna englodnegrass, sølvbunke, blåtopp, vendelrot, skogburkne, enghumleblom, bjørnkam, sumphaukeskjegg, skogsnelle, blåknapp, krattmjølke, skogkarse, krusfagermose, lundveikmose, stortujamose, bleiktujamose, kystjamnemose, prakthinnemose, stortaggmose, kystbjørnemose, kystkransmose, flikvårmose og narremose. Det mest interessante knytt til vegetasjon er den epifyttiske kryptogamfloraen. Det vart funne fleire rognetre der stammen var heilt dekket med blåfylllav, og lungenever veks rikeleg på mange tre (Figur 1). Andre artar frå lungeneverelementet som vart funne inkluderer skålfylllav, stiftfylllav, glattvrenge og grynvrenge. Ei grundigare undersøking av lavfloraen vil truleg gi fleire gode artsfunn. Elles kan det nemnast at det er godt med daud ved i området. Dette gir grunnlag for moglege funn av vedbuande sopp, og det kan gi gode næringstilhøve for kvitryggspett som er registrert ikkje langt unna i nyare tid (Artskart 2016). Lokaliteten har stadvis eit ravineaktig preg (Figur 2).

Av negativ påverknad på lokaliteten kan det nemnast at bekken er sterkt forureina, truleg som følgje av silosaftutslepp frå ein gard oppstraums. Kjelden til dette utsleppet bør oppsporast og fjernast. Det er òg dumpa ein del søppel i bekkedalen som bør takast ut. Elles er det stort oppslag av svartelistearten platanlønn i området, særleg der jord blir blottlagt etter rotvelt.

I henhald til det føreslåtte nye faktaarket for naturtypen oppnår lokaliteten låg verdi på storleik og middels verdi på gamalskogselement (9-15 element/dekar, god variasjon av element). Dette tilseier at lokaliteten får viktig verdi (B).





*Figur 1. Grov rogn med gode førekomstar av blåfiltlav (stammen til venstre) og lungenever (stammen til høgre) i Gjerdegrova.*



*Figur 2. Gjerdegrova har eit frodig, noko ravineaktig preg.*



### 3.2 Nedre Svenskeløken

Lokaliteten består av eit om lag 14 dekar stort område med gamal boreal lauvskog langs den sterkt meandrerande nedre delen av bekken Svenskeløken, nedenfor samløpet med Gjerdegrova. Skogen består av bjørk, osp, rogn og selje, og det finst iallfall éi svært gamal og grov selje i området (Figur 3). Utforminga er gamal lauvblandingsskog. Den mest verdifulle delen av skogen er den som står langs sjølve elveløpet. Feltsjiktet i området er ikkje spesielt rikt, med artar som engkvein, hårfrytle, kvitveis, skogfiol, gaukesyre, tepperot, gjerdevikke, sølvbunke, mjørdurt, sumphaukeskjegg, krusfagermose, storkransmose, etasjemose og stortujamose. I likskap med Gjerdegrova har det eit tydeleg beitepreg. Den epifyttiske kryptogamfloraen i området er interessant: På osp var det gode førekomstar av skjellglye og ospeblæreglye, og elles var det godt med artar som lungenever, skrubbenever, blåfittlav og glattvrenge på rogn og selje. Det er gode førekomstar av daud ved i området. Langs bekken finst det enkelte stadar blottlagt leire som kan utgjera ein potensielt habitat for sjeldne primærsuksesjonsartar (Figur 3 og Figur 4).

Sidan Gjerdegrova renn ut i Svenskeløken rett ovanfor lokaliteten er det også her problem med forureining frå silosaft. Det er truleg at Svenskeløken kunne vori ein god gytebekk for sjøaure, men den omtalte forureining gjør den truleg ueigna for fisk, særleg på låg vassføring. Elles er det òg registrert platanlønn på lokaliteten.

I henhald til det føreslåtte nye faktaarket for naturtypen oppnår lokaliteten låg verdi på storleik og middels verdi på gamalskogselement (9-15 element/dekar, god variasjon av element). Dette tilseier at lokaliteten får viktig verdi (B).



Figur 3. Gamal selje med mykje lungenever og grov spekebark, Nedre Svenskeløken.






Figur 4. Det er parti med blottlagt leire langs sjølve bekken.

#### 4 Påverknad på biologisk mangfald

Planforslaget vil heilt klart medføre ein vesentleg reduksjon i det biologiske mangfaldet dersom den gjennomførast slik som den ligg føre. Attfylling av Gjerdegrova vil medføre nærast total øydelegging av ein heilt naturtypelokalitet. I tillegg vil eitt par av tomtene gi mindre påverknadar på Nedre Svenskeløken. På bakgrunn av dette er det i eit biologisk fagperspektiv ikkje tilrådeleg å gjennomføre planen slik den ser ut på det noverande tidspunkt. Som eit avbøtande tiltak foreslås det derfor at ein skrinlegg planane om attfylling av bekkedalane og tek ut frå planen dei tomtene som vil medføre negative verknadar på det biologiske mangfaldet (Figur 5). For øvrig må det òg nemnast at tiltak som medfører at ein legg bekkar i røyr er søknadspliktige hos NVE.



Figur 5. Kart over området som viser forslaget til reguleringsplan og dei kartlagte lokalitetane, sistnemte vist med blågrøn farge. Lokalitetsnamna er angitt på kartet.